



ORDENSREGLEMENT FOR ORRE SKULE

1. INNLEIING

1.1 Formål

Alle skal møta og behandla kvarandre med respekt. Det inneber blant anna at me skal vera opne, lyttande og snille. Alle er forskjellige og skal behandlast som likeverdige menneske. Alle skal inkluderast. Å gje respekt førar ofte til at ein får respekt.

Skulen er til for elevane. Ordensreglementet tek utgangspunkt i det, og skal bidra til at elevane ønskjer å bidra til eit godt skulesamfunn. Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring (Opplæringslova § 9a-1). Læring, tryggleik, trivsel, toleranse, ansvar og respekt er verdiar skulen stadig arbeider for, og står for.

Ordensreglementet skal vere med på å skape eit godt forhold mellom alle på skulen. Ordensreglementet skal fremje samarbeid, engasjement, trivsel, respekt og medansvar for alle i skulesamfunnet.

Det er nulltoleranse for krenkjande åtferd, som fysisk eller psykisk mobbing, vald og trugslar om vald. Orre skule arbeidar for å skape eit miljø der alle har nokon å vere saman med.

1.2 Virkeområde

Ordensreglementet handlar om reglar for både orden og åtferd. Vidare inneheld det reglar for kva slags tiltak som skal nyttast om elevar bryt reglementet og reglar for korleis slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet gjeld i hovudsak elevane, samstundes er det viktig for alle i skulesamfunnet.

Ordensreglementet gjeld i skuletida, det vil seie i den tida barna/ungdommane er elevar. Dette inneber både timar og friminutt, og aktivitetar som skuleturar, ulike arrangement, ekskursjonar m.m.. Dette inneber vidare at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, fellesrom og uteområde, og når elevane har undervisning andre stader enn på skulen sitt område. Skulen sine reglar gjeld også på veg til og frå skulen.

Ordensreglementet gjeld når skulen er ansvarlege for eleven. Skulen sitt faktiske eller digitale rom spelar ikkje ei rolle. Også det som skjer i det digitale rom, som til dømes på skulen sitt intranett, undervisningssystemer, ved SMS eller liknande, vil kunne omfattast av skulen sitt ordensreglement.

Grunnlaget for vurdering i orden og åtferd er i kva grad eleven følgjer skulen sitt ordensreglement, jf. forskrift til opplæringslova § 3-5. Skulefritidsordninga er også omfatta av reglane.



2. ELEVANE SINE RETTAR OG PLIKTER

2.1 Som elev har du rett til:

- Eit læringsmiljø som gir deg tryggleik og at du høyrer til sosialt
- Å bli høyrte i saker som gjeld ditt eige forhold til skulen
- Å forklare deg før det blir tatt ei avgjerd om konsekvensar
- At alle behandlar deg på ein skikkeleg måte
- At andre viser deg respekt og let tinga dine vere i fred
- At du skal vere fri for fysisk, psykisk, verbal og digital mobbing

2.2 Som elev har du plikt til:

- Å følgje allment aksepterte normer i samfunnet for god folkeskikk og åtferd
- Å følgje skulen sitt ordensreglement
- Å rette deg etter meldingar (anvisningar) og pålegg frå alle som arbeidar på skulen
- Å arbeide for og bidra til eit godt læringsmiljø
- Behandle andre på ein skikkeleg måte
- Vise respekt og la andre sine ting vere i fred
- Ikkje plage eller mobbe nokon, verken fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt

3. REGLAR

Skulen er ein læringsarena og arbeidsplass for barn, unge og vaksne. Alle har eit ansvar for korleis skulemiljøet er og blir utvikla. Det er difor viktig at alle arbeidar for å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø.

3.1 Reglar om orden

Eit godt og utviklande lærings- og skulemiljø er eit viktig mål for Orre skule. Det er god orden å:

- Møte presis til undervisning og avtalar
- Vere førebudd til timane og gjere heime- og skulearbeid til avtalt tid
- Ha med læremiddel og utstyr til rett tid
- Ha god arbeidsinnsats i alle timane
- Ha god arbeidsro, tilpassa undervisningsmetode, i alle timar
- Vere på skulen og delta i undervisninga heile dagen
- Halde god orden og bidra til å halde skulen sitt område reint og ryddig, både inne og ute
- La andre sine eigedelar vere i fred
- Ta godt vare på sine personlege eigedelar, og så langt det er mogleg unngå å ta med verdisaker på skulen
- Ta godt vare på skulen sine lærebøker, undervisningsmateriell, inventar, bygningar og andre eigedelar, slik at dei ikkje vert utsett for hærverk og unødig slitasje og forbruk
- Elevane skal ta i bruk nødvendig datautstyr slik lærar har lagt planar for i undervisninga. Utskrift og kopiering skal skje i samråd med lærar
- Bruke elektronisk utstyr/digitale hjelpemiddel i samsvar med skulen sine reglar
- Elevar på barnesteget skal ikkje ha digitale hjelpemiddel med til skulen, utan at dette er avtalt mellom føresette og skulen



- Elevar skal ha mobilen avslått i skulesekken når skulen tek til om morgonen. Mobiltelefonen skal liggje der heile skuledagen, med mindre læraren bestemmer noko anna
- Parkere sykkelen eller andre framkomstmiddel ved tilviste plassar, og la dei vere parkerte i skuletida. Det er ikkje lov med sjølvbalanserende kjøretøy.
- Leggje ytterklede, sko, hovudplagg og vottar i garderoben før alle undervisningsøkter
- Gå ut i alle friminutta
- Halde seg på skulen sitt område i skuletida
- Bruke sykkelhjelm på sykkelurar i skulen sin regi

3.2 Reglar om åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- Behandle andre på ein ordentleg måte, og vise respekt og omsyn overfor kvarandre
- Vere hyggelege og høflege mot kvarandre
- Bidra til eit godt lærings- og skulemiljø, og viser respekt for undervisninga
- Delta i undervisninga i den form ho er gitt, halde arbeidsro i timane og følgje gjeldane reglar i prøve- og undervisningssituasjon
- Ha sunne matvanar. Difor tillet vi ikkje snop/brus/energidrikk på skulen eller på arrangement i regi av skulen
- Vise respekt for skulen og andre sine eigedeler
- Vise skriftleg melding frå føresette ved fråvær

Det er også god åtferd å la vere å:

- Banne eller bruke anna grovt språk
- Utsetje andre for fysisk, psykisk og/eller verbal, eller digital mobbing og krenkjande åtferd
- Utøve vald eller kome med trugsmål
- Fuske eller plagiere på prøver eller innleveringar
- Bruke elektronisk/digitalt utstyr til anna enn det skulen har bestemt
- Bruke/ha påslått digitalt utstyr utan eigen avtale med lærar
- Vere rusa, bruke, oppbevare, omsetje eller ha tobakk, e- sigarettar, snus, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller arrangement. Ulovlege rusmiddel skal overleverast til politiet
- Ha ulovlege eller farlege gjenstandar på skulen sitt område eller arrangement
- Forlate skulen sitt område utan eigen avtale med lærar
- Sykle eller bruke rullebrett, rulleskøyter og sparkesykkel på skulen sitt område i skule- og SFO- tid.

4. KONSEKVEN SAR

Alle konsekvensar skal vere slik at elevane skal forstå kva for nokre reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere. Konsekvensane skal stå i rimeleg forhold til brotet på ordensreglementet. Tiltak bør kome så nær regelbrotet i tid som mogleg. Dersom det er mogleg, skal eleven få høve til å gjere opp for seg. Elevane har krav på å forklare seg for den/dei som skal fatte vedtaket. Eleven har, i møte med skulen, rett til å ha med seg ein person. Vedtaket skal grunngjevast. Brot på reglar som følgjer av lov eller reglement kan sanksjonast etter reglane i dette kapitlet, dersom ikkje anna er særskilt nemnt.

Elevane pliktar å følgje ilagde konsekvensar. Manglande overhald kan føre til nye konsekvensar.



Fysisk refsing og annan krenkjande behandling skal ikkje nyttast. Med fysisk refsing tenkjer ein ikkje på fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vasking etter seg sjølv eller andre.

4.1 Moglege konsekvensar

Orre skule kan nytte følgjande konsekvensar mot brot på ordensreglementet:

- **Munnleg irettesetjing**
 - Dette kan bli gitt av vaksen når ein elev bryt ein av skulen sine reglar
- **Skriftleg irettesetjing**
 - Dette kan bli gitt av vaksen når ein elev bryt ein av skulen sine reglar
- **Gjere opp for seg**
 - Eleven skal få moglegheit til å gjera opp for seg. Kva det blir er avhengig av brotet
- **Føresette blir kontakta**
 - Denne reaksjonsmåten kan brukast ved til dømes gjentekne brot eller ved grove brot på ordensreglementet. Lærar eller administrasjon vil vurdere dette i det enkelte tilfelle
- **Annullerte prøver**
 - Fusk på prøver, kan føre til at prøven blir annullert. Om eleven skal få ein ny sjanse blir vurdert, slik at eleven får høve til å vise kompetansen sin
- **Parade, dvs. oppmøte på skulen kl. 07.45**
 - Lærarar kan gje parade. Parade blir nytta ved gjentatte brot på ordensreglementet, som til dømes for seint-koming, når ein går utanfor skulen sitt område, ved røyking/snusing el. l..
 - Ved krenkjande åtfærd kan rektor kalle føresette og elev inn til møte før skulestart dagen etter ei hending.
- **Pålegg om oppgåver for å rette opp skade som er påført skulen sin eigedom eller eigedelar. Det same gjeld for skade på medelevar sine eigedelar**
- **Sitje inne i friminutt**
- **Erstatning (skadeerstatningslova §1-2 for inntil 5000 kroner)**
 - Dersom ein øydelegg skulen sitt materiell, må dette erstattast etter lov om skadeerstatning.
- **Nedsett karakter i orden og/eller åtfærd**

4.1.1 Nærare om konkrete brot og/eller konsekvensar

Mobbing og vald

Krenkjande åtfærd, som mellom anna mobbing, diskriminering, vald eller trugslar om vald, blir ikkje akseptert på Orre skule. Skulen har ein eigen handlingsplan mot krenkjande åtfærd/mobbing.

Elevar som utøver mobbing/krenkjande åtfærd, vald eller trugar med vald, kan visast bort frå undervisninga/skulen. Lengda på bortvisinga vil vere avhengig av alvorret og alder på eleven. Dersom eleven si åtfærd ikkje vert endra etter at tiltak og konsekvensar er forsøkt gjennomført, kan byte av skule vurderast midlertidig eller permanent. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Kommunalsjef for skule og barnehage skal eventuelt ta ei slik avgjerdse, jf. Oppll §8-1, 3. ledd. Grove episodar blir meldt til politiet.



Ulovlege/ farlege gjenstandar

På skulen sitt område eller på arrangement i regi av skulen, er det ikkje lov å ha med seg ulovlege gjenstandar eller gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på seg sjølv eller andre. Farlege gjenstandar kan skulen leggje beslag på. Ulovlege gjenstandar vert overleverte til politi. Andre beslagelagde gjenstandar vert overlevert til eleven sine føresette etter skuletid.

Ugyldig fråvær

Elevane har plikt til å møte presis til undervisninga, og plikt til å delta i den form ho er gitt. Ugyldig fråvær er brot på ordensreglementet og skal tilleggjast vekt når ordenskarakter blir fastsett på ungdomsstega.

Dersom eleven er ulovleg borte frå skulen eller gjentatte gonger kjem for seint, skal føresette kontaktast for å få klarlagt årsaka til fråværet eller at eleven kjem for seint. Dei tiltaka som vert iverksett må sjåast i samanheng med årsaka og eventuelt kor ofte dette skjer. Føresette skal ha informasjon om ansvaret dei har i høve til Opplæringslova §2-1. Barn og unge har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg, kan rektor etter søknad, gje den enkelte elev permisjon i inntil ti dagar. Kontaktlæraren avgjer permisjonssøknadar på inntil to dagar.

Fråværet for alle tre åra på ungdomsstega blir ført på vitnemålet.

Elektronisk/digitalt utstyr, Internett og sosiale medium

Elektronisk utstyr skal berre brukast til skulearbeid i skuletida styrt av lærar. Elevar som tek med seg elektronisk utstyr, har sjølve ansvar ved uhell, tjuveri og hærverk. Skulen si tilgang til Internett skal berre brukast i samband med undervisning. Sosiale medium skal til vanleg IKKJE nyttast i skuletida. Lærar kan inndra utstyr ved bruk som ikkje er avtalt med lærar

Vurdering og fastsetting av karakter i orden og åtferd

Reglar for vurdering i orden og åtferd er heimla i forskrift til opplæringslova § 3-9. Karakteren i orden og åtferd skal som hovudprinsipp setjast ned frå beste karakter ved gjentatte brot på ein eller fleire reglar i skulen sitt ordensreglement.

Ved fastsetting av karakter i orden skal ein mellom anna ta omsyn til korleis eleven følgjer ordensreglane ved Orre skule. Ugyldig fråvær kan føre til nedsett karakter i orden.

Ved fastsetting av karakter i åtferd, skal ein ta omsyn til korleis eleven oppfører seg på skuleområdet og elles når skulen har ansvar for elevane. Ein skal særleg leggje vekt på korleis eleven er ovanfor andre elevar, lærarar og andre tilsette. Ein kan også ta omsyn til korleis elevane ter seg mot kvarandre på skulevegen.

Ved fastsetting av karakter i orden og åtferd, skal ein til vanleg ikkje leggje avgjerande vekt på enkelthendingar. Dersom ein elev står i fare for å få nedsett karakter i orden eller åtferd, skal eleven og dei føresette få skriftleg varsel. Varselet skal gis utan ugrunna opphald slik at betra orden og åtferd kan påvirke karakteren. Ein skal òg ta omsyn til eleven sine føresetnader ved fastsetting av karakter.



4.1.2 Politimelding og straffbare forhold

Dersom det føreligger mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om politiet si hjelp. Eleven sine føresette skal, dersom det er mogleg, varslast muntleg samstundes som politi blir bedt om å hjelpe. Føresette skal uansett varslast skriftleg om at det er søkt om politiet si hjelp.

Skade på skulen sin eigedom vil kunne bli meldt til politiet. Straffbare forhold mot person vert som hovudregel meldt av den som blir utsett; den fornærma, men skulen kan også melde.

4.1.3 Undersøking

Ved skjellig grunn til mistanke om brot på reglar knytt til ulovlege/farlege gjenstandar eller rusmiddel og tobakk, kan skulen si leiing be eleven sine føresette om lov til å foreta kontroll av elevgarderobe eller skulesekk. Dersom det er mogleg, skal eleven sine føresette gis høve til å vere til stades ved ein eventuell kontroll. Skulen har plikt til å sjå etter at ei sak er så godt opplyst som mogeleg før ein tek avgjerd om bruk av sanksjonar.

4.1.4 Nødverge

Når det i heilt spesielle, akutte situasjonar er fare for at ein elev kan skade seg sjølv eller andre, vil det vere nødvendig å stanse eleven. Det kan vere nødvendig å skilje eleven frå resten av gruppa og plassere eleven i eit eige rom for ein kortare periode. Eleven skal då ha tilsyn av minst ein vaksen. Når eit slikt tiltak vert sett i verk, skal ein straks melde frå til rektor og føresette. Bortvising kan bli vurdert.

5. SAKSHANDSAMINGSREGLAR VED KONSEKVEN SAR

Handsaming av brot på ordensreglementet følgjer reglane i Opplæringslova. I den grad avgjerda om å ilegge ein konsekvens blir rekna som eit enkeltvedtak, følgjer ein reglane for saksbehandling i Forvaltingslova kap III- VI.

Avgjerder om følgjande konsekvensar er alltid eit enkeltvedtak:

5.1 Bortvising

Ved alvorlege eller gjentekne brot på ordensreglementet, kan elevane på 8.-10. trinn visast bort frå undervisninga i inntil tre dagar, jf. Opplæringslova § 2-10 og 2-9 4. ledd, og Forvaltningslova kapittel 5. Rektor vedtek bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Før det vert gjort vedtak, skal eleven ha fått moglegheit til å forklare seg munnleg, og ein skal ha vurdert andre konsekvensar. Føresette til elevane skal varslast før bortvising blir iverksett for heile dagar.

5.2 Tiltak gjeldande for det psykososiale miljøet på skulen

Dersom ein elev eller føresett ber om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandla saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova, jmf. Opplæringslova § 9a-3. ledd.

Om skulen innan rimeleg tid ikkje fattar vedtak i saka, kan dei føresette likevel klage etter reglane i Forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak. Klageretten kan utøvast av dei som har rettsleg interesse etter Forvaltningslova §28.



6. RUTINAR FOR VEDLIKEHALD OG OPPFØLGING AV ORDENSREGLEMENTET

august	Gjennomgang av ordensreglement og handlingsplan mot krenkjande åtfærd: <ul style="list-style-type: none">- For personalet ved leiinga- For elevar ved kontaktlærar- For FAU og foreldrekontaktar ved leiinga Lage klassereglar: Ved kontaktlærar og elevar
september	Val av representantar til råd og utval. Orientering om ordensreglement og handlingsplan mot krenkjande åtfærd til alle råd og utval.
oktober	Mobbeundersøking på alle klassetrinn, men gjennomført på ulikt vis. 1.-3. eige skjema, og 4.- 10. har lik undersøking.
november	
desember	
januar	
februar	Gjennomføring av Utdanningsdirektoratet si elevundersøking
mars	Mobbeundersøking på alle klassetrinn, men gjennomført på ulikt vis. 1.-3. eige skjema, og 4.- 10. har lik undersøking
april	
mai	Analyse av, og evt tiltak etter elevundersøkinga. Resultat av elevundersøkinga blir analysert i alle råd og utval, med spesiell vekt på det psykososiale miljøet
juni	

7. IVERKSETJING

Denne forskrift om ordensreglement trer i kraft frå og med 01.08.2016. Forskrift om ordensreglement er vedteke av Samarbeidsutvalet ved Orre skule 13.06.2016, etter at det har vore på høyring blant dei tilsette, elevråd og FAU.

8. Kunngjering

Ordensreglementet skal gjerast kjent for alle kvart år ved byrjinga av skuleåret. Det vil også vere tilgjengeleg på Orre skule si heimeside www.minskole.no/orre



9. Heimel

Ordensreglementet er laga med heimel i lov av 17. juli 1998 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) § 2.9., og forskrift til Opplæringslova av 2009.

«Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåten når slike saker skal behandlast.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra.

Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.

Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda.»

Forskrift til opplæringslova § 12.1-d lyder slik (2015):

«I ordensreglementet for skolen kan det takast inn føresegner som nærmare regulerer trafikktryggleik og andre førebyggjande tiltak. Foreldra avgjer om barna får sykle til skolen eller ikkje.»

Svarslipp Ordensreglement for Orre skule

Me har lese og er orientert om skulen sitt ordensreglement.

Elev

Føresatt

Stad/dato

